

Arbeidsprogram for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

2019-2020

Organisatorisk:

1. Sørge for at ein kvar student ved HVO har kjennskap til Studentparlamentet og våre arbeidsoppgåver.
2. Aktivt informere om Studentparlamentet, vårt arbeid og våre aktivitetar gjennom studentar og sosiale medium.
3. Arkivere og dokumentere arbeidet vi gjer i Studentparlamentet så langt det er mogleg.
4. Aktivt arbeide for høgare deltaking i vala som vert gjennomført ved HVO.

Samarbeid:

1. Ha eit aktivt samarbeid med UH-nett vest og deira studentråd.
2. Faste møter med leiinga ved HVO og SiVolda.
3. Jamleg kontakt og samarbeid med studentrepresentantane i høgskulestyret og SiVolda.
4. Ved behov oppretthalde kontakt med kultur næringsshagen.
5. Oppretthalde godt samarbeid med NSO.

Studentvelferd

1. Arbeide for eit inkluderande studiemiljø og likestilling for studentar.
2. Arbeide for tilrettelegging for studentar som engasjerer seg i studentdemokratiet.
3. Jobbe for eit betre velferdstilbod for studentane, og sørge for at helsetilbod blir synleggjort og fungerer tilstrekkeleg.
4. Oppretthalde ein god dialog med Fadderveka, og sørge for at fadderkestyret fungerer optimalt.
5. Oppretthalde eit godt samarbeid mellom lag og organisasjonar ved HVO.
6. Aktivt hjelpe læringsmiljøutvalet i deira arbeid for studentane.
7. Arbeide for å skape fleire møteplassar for studentar på campus.

Fag og forskning

1. Synleggjere for studentane kor forskningskrifter finnes.
2. Skape et betre utgangspunkt for tilbakemelding på skriftlege arbeidskrav.

Studiekvalitet og studieprogram

1. Auke kunnskapen og engasjementet rundt tillitsvalde si betydning og deira arbeidsoppgåver.
2. Jobbe for at studiebarometeret får høg deltaking og blir representativt for heile Høgskulen.
3. Arbeide for ei betre digitalisering av utdanningsløpa.
4. Arbeide for døgnopne undervisningsrom, spesielt i eksamenstidene.
5. Arbeide for at HVO utarbeider en mal for utdanningsamtaler for alle studentar.
6. Jobbe for betre oppfølging av praksisperiodar, evaluering og utvikling.
7. Jobbe for at studieprogramma gir tydelege beskjedar i god tid til alle studentar.
8. Arbeide for at eksamen er tilpassa kvart studieløp og læremål.
9. Arbeide for å innføre automatisk publisering av grunngjeving på alle eksamenar.

10. Arbeide for at alle emne blir evaluert og at resultatet blir brukt i vidare utvikling av emne og studieprogram.
11. Arbeide for at gratisprinsippet vert praktisert - at studentar i minst mogleg grad skal betale eigenandel på studieturar og sikre gode alternativ til dei som ikkje kan delta.

Internasjonalisering

1. Dele ut pris for internasjonalisering kvart år.
2. Ha eit kontinuerleg samarbeid med Pangaia for å betre integreringa mellom norske og internasjonale studentar.
3. Arrangere Buddyweek i januar kvart år i samarbeid med Pangaia.
4. Arbeide for at Fadderveka skal inkludere og integrere internasjonale studentar med norske studentar.
5. Arbeide for at lag og organisasjonar legger til rette for å inkludere internasjonale studentar.
6. Arbeide for at kontinuerleg forbetre tilbodet om praksisplassar i utlandet og at alle som ønsker praksis i utlandet skal få lov til det.

Miljø

1. Arbeide for at HVO og SiVolda satsar på miljøvenlege tiltak og opprettar nye miljøordningar på heile campus.
2. Arbeide for at miljø blir et prioritert område under læringsmiljø og læringsmiljøutvalet.
3. Vere aktive i prosessen for at høgskulen fortset å være godkjent som Miljøfyrtårn.
4. Arbeide for Studentparlamentet sin miljøprofil.